



Tor Erik Aven

Referanser:

Dykker:

Vår: 17/1375 - 17/18506

Saksbehandlar:

Nils Kaalaas

NIK@lindas.kommune.no

Dato:

21.06.2017

## Vedk ridebane/oppstillingsplass/utegang hest - gbnr 43/2 Natås

Syner til søknad om å etablere ridebane og oppstillingsplass på eigedomen på Natås og synfaring den 21. juni d.å.

Arealet det vert søkt etablering av ridebana på ligg i tunet framfor driftsbygningen og er på ca 1300 m<sup>2</sup>. Etter gardskartet er arealet registrert som fulldyrka jord.

Lovgrunnlaget.

Jordlova § 9.*Bruk av dyrka og dyrkbar jord*

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei om disponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til om disponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort

Vurdering:

Arealet ligg sentralt og rasjonelt til med tanke på nærlieken til stall og for eit undervisningsopplegg. Eigarane driv i dag med avl og oppdrett på Islandshest og vil etablera eit ridesenter, noko som kan styrkja innteninga på eigedomen.

Det kom fram under synfaringa at arealet som er omsøkt ligg meir eller mindre på ei steinfylling, der det er planert jord utover. Arealet kan haustast maskinelt, men det er ikkje pløyedjupne som er eit vilkår for at arealet skal verta rekna som fulldyrka. Eigaren opplyser at han vil ta vare på det som er av jord på plassen og nytt den ved å fylla på og rundt haugar på eigedomen, for på den måten få meir rasjonelle teigar.

Vedtak:

Med heimel i jordlova § 9 og ein viser og til Rundskriv M 4/2003 med endring juli 2013 gjev Lindås løyve til etablering av ridebane på gnr 43 bnr 2 på Natås som omsøkt. Det er eit vilkår at det som måtte vera av matjord på arealet vert teke vare på og nytt på andre delar av eigedomen.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar skogbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tor Erik Aven